



MØTEPROTOKOLL

Utval: Valstyret
Møtedato: 14.09.2015 og 15.09.2015
Møtetid: 14.09.2015 kl. 15.00 – 00:30
15.09.2015 kl. 10.00 – 10.50
Møtestad: Kommunehuset

14.09.2015 møtte 5 av 7 medlemmer, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemmene møtte ikkje:	I staden møtte:
Øyvind Røen (Sp)	Ingen
Ragnfrid Aadland Olsnes (Bl)	Ingen

15.09.2015 møtte 6 av 7 medlemmar, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemmene møtte ikkje:	I staden møtte:
Øyvind Røen (Sp)	Ingen

Andre som var til stades på møtet:

Sektorleiar Jan Erik Boge under heile møtet både 14.09. og 15.09.2015

Einingsleiar Marianne Soleng under heile møtet både 14.09 og 15.09.2015

Møteleiar:	Marit Aase (Krf)
Møtesekretær:	Jan Erik Boge

Merknader:

14.09.2015 kl. 15.00 starta valstyret med prøving av førehandsrøyster i konvolutt (frå tidlegrøysting og frå andre kommunar). Etter dette talde valstyret opp førehandsrøyster og registrerte rettingar på røystesetlar frå førehandsrøystinga. Dette arbeidet var ferdig ca. kl. 19.00. Kl. 21.00 starta valstyret med prøving, oppteljing og registrering av rettingar på seint innkomne førehandsrøyster. Etter dette gjennomførte valstyret prøving av valtingsrøyster i særskilt omslag. Dei fleste medlemmene i valstyret var til stades på kommunehuset fram til det endelege valresultatet vart klart ca. kl. 00.30.

15.09.2015 gjekk valstyret gjennom og godkjende møtebok for høvesvis kommunestyrevalet og fylkestingsvalet.

Orienteringar/meldingar:	<u>Røysting for bebruarar på Skottabakken</u> På møtet 14.09.2015 tok Birthe Skar-Moum opp at det er behov for å gå gjennom kva informasjon som vert gitt til bebruarane på Skottabakken når det gjeld
---------------------------------	---

	<p>førehandsrøysting (heimerøysting) og røysting på valdagen.</p> <p><u>Behov for endra rutinar i samband med overlevering av valurner frå røystestyra til valstyret</u></p> <p>På møtet 15.09.2015 orienterte Jan Erik Boge om at overleveringsrutinane ikkje var gode nok på valtinget 14.09.2015, og at det er nødvendig å gjera endringar til valet i 2017.</p>
Dokument utlevert i møtet:	<p>På møtet 15.09.2015 vart utkast til møtebok for både kommunestyrevalet og fylkestingsvalet delt ut.</p>

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 18.03.2019

Underskrift utvalsleiar

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
007/15	15/724	Faste saker	
008/15	14/277	Kommunestyre- og fylkestingsval 2015 - godkjenning av protokollen for valet	

SAKNR. 007/15
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

14.09.2015 VALSTYRET

Handsaming i møtet:

Sak 007/15 vart behandla 15.09.2015. Det var ingen merknader til møteinnkallinga/saklista. Samrøystes vedtak.

VAL-007/15 VEDTAK:

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.

SAKNR. 008/15

**KOMMUNESTYRE- OG FYLKESTINGSVAL 2015 - GODKJENNING AV
PROTOKOLLEN FOR VALET**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

.....

14.09.2015 VALSTYRET

Handsaming i møtet:

Sak 008/15 vart behandla 15.09.2015. Valstyret gjekk gjennom utkasta til møtebok for høvesvis kommunestyrevalet og fylkestingsvalet. Begge møtebøkene var skrivne ut frå valadministrasjonssystemet EVA. Møtebøkene i EVA vert automatisk generert på bakgrunn av dei opplysningane/teljingane som kommunen har lagt inn i systemet.

Valstyret gjekk i møtet gjennom møtebøkene, side for side.

Under gjennomgangen vista Jan Erik Boge til at kommentarar/forklaringar på avvik som kommunen la inn i EVA 14.09.2015, er komne med i møtebøkene og at nokre av desse kommentarane er misvisande. Valstyret gav administrasjonen fullmakt til å fjerna/korrigera desse kommentarane før møtebøkene vert ferdigstilte. Med denne presiseringa godkjende valstyret samrøystes møtebøkene for både kommunestyrevalet og fylkestingsvalet 2015.

VAL-008/15 VEDTAK:

Valstyret godkjenner møtebøkene for kommunestyrevalet og fylkestingsvalet 2015.

